



## BARNEOMBODET

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD)  
Postboks 8036 Dep  
0030 OSLO

v/ Rolf Gabrielsen

Dykker ref: Vår ref: Saksbehandlar: Dato:  
17/00711-1 Jonas Bjørkli 22. mai 2017

### Oppmoding om å bruke barnepanel ved utnemning av nytt barneombod

Då nytt barneombod skulle tilsetjast i 2012, valde det nåverande Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet å nytta seg av eit barnepanel som ein del av prosessen. Dette panelet fekk vere med på å påverka utlysingsteksten, og var også med på å utarbeide kravspalten for det nye ombodet. I tillegg var barna med på å intervju dei mest aktuelle kandidatane for stillinga som nytt barneombod.

Denne delen av prosessen sette det noverande ombodet stor pris på. Ho opplevde barnepanelet som strenge og krevjande, og dei spurte inngående om hennar sterke og svake sider. Ein del av jobben som barneombod er å vere talsperson for barn og unge, og derfor er det viktig at eit barneombod har legitimitet og tillit hos barna.

Når Anne Lindboe sin periode går ut neste sommar, reknar vi med at Barne- og likestillingsdepartementet snart startar arbeidet rundt prosessen med å tilsetje nytt ombod. Då håpar vi departementet også tek med seg erfaringane dei gjorde seg ved bruk av barnepanel i 2012, og vi tillét oss no å spørje om departementet har tenkt å leggje opp til ein liknande prosess også i 2017-2018?

Vi er kjent med den interne evalueringssrapporten som vart laga i etterkant av prosessen i 2012. Dersom departementet vel å danne eit barnepanel, håpar vi dei jobbar med dei forbetringsspunktane som er skissert i rapporten. Mellom anna blir det vist til at rekrutteringa til panelet burde vore lengre og breiare, og vi håpar derfor at departementet vil starte dette arbeidet så snart som mogleg etter sommaren.

Det å bruke barn som rådgjevarar og intervjuarar ved tilsetjingar, er ein heilt naturleg del av tilsetjingsprosessane hos Barneombodet. I fleirtalet av stillingane som vi lyser ut på kontoret, brukar vi no barn som ein del av eit panel som gjer jobbintervju. Hos Barneombodet sit vi med mykje kunnskap om medverknad og deltaking frå barn. Ta gjerne kontakt med oss om det noko vi kan hjelpe til med.

Venleg helsing

Morten Hendis

Jonas Bjørkli

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

**Mottakarliste**

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD), Rolf Gabrielsen

Barne- og likestillingsdepartementet (BLD), Dag Thomas Gisholt